



Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer og tilsette som får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til ingunn.kile@setesdal.no eller på tlf. 94 52 13 54.

Bygland,

26.08.2010

Innkalling til møte i Setesdal Regionråd - Styre torsdag 02.09.2010 kl. 09:30 Revsnes Hotell

Til handsaming:

Saksnummer	Innhald
PS 56/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 57/10	Godkjenning av møteprotokoll
PS 58/10	Referatsaker
PS 59/10	Delegerte saker
PS 60/10	Drøfting/orienteringssaker Fylkesdelplan Setesdal Austhei-Vesthei-Ryfylkeheiene Dagleg leiar og styreleiar orienterer
PS 61/10	Godkjenning - Regional utviklingsplan Setesdal 2020
PS 62/10	Høyringsuttale - Regionalplan Kristiansandsregionen
PS 63/10	Innspeil til Regionalt handlingsprogram Aust-Agder fylkeskommune og til handlingsprogram regionplan Agder 2020
PS 64/10	Høyringsuttale - Kommuneplan for Evje og Hornnes 2010-2021
PS 65/10	Utnemning av representant til Destinasjon Hovden
PS 66/10	Utnemning av representant til Folkemusikkprosjektet
PS 67/10	Lønsjustering

Bjørn A. Ropstad
Utvalseleiar


Ingunn Kile
Utvalsesekretær

PS 56/10 Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 57/10 Godkjenning av møteprotokoll

PS 58/10 Referatsaker

- RS 126/10 Arbeidsrapport fra de lokale prosesser i Heiplanen
- RS 127/10 uttale til regionplan for Setesdal - setesdal næringshage
- RS 128/10 Uttale til regional utviklingsplan for Setesdal, 2011-2020
- RS 129/10 Melding om vedtak: Interkommunalt helseprosjekt - forstudierapport
- RS 130/10 Endeleg versjon brosjyre 2010
- RS 131/10 plakater 2010
- RS 132/10 Informasjon langs Brokke - Suleskarvegen
- RS 133/10 Tildelingsbrev skjønnsmidler-helseprosjekt
- RS 134/10 Program for basiskompetanse i arbeidslivet - utbetaling av tilskot til opplæringstiltak med prosjektnr B427
- RS 135/10 Regional utviklingsplan for Setesdal - høyring
- RS 136/10 Oppseiing av medlemsskap - Nordiske / Sørlandske sommernetter
- RS 137/10 Regional utviklingsplan for Setesdal 2011-2020. Høyringsuttale
- RS 138/10 Trend og tradisjon langs Riksveg 9 og Kunnskap om flyttemotivundersøkelser til utflyttede setesdøler - avslag
- RS 139/10 Høyringsuttale vedk. Regional utviklingsplan for Setesdal
- RS 140/10 Høyring regional utviklingsplan Setesdal 2011-2020
- RS 141/10 endeleg versjon årsmeld 2009
- RS 142/10 Prosjektdeltaker Setesdalsregionen Områdeplan for rehabilitering
- RS 143/10 Invitasjon dekkelskap The Tall Ships Races 29.07.10
- RS 144/10 Regional utviklingsplan for Setesdal 2011 -2020
- RS 145/10 helseprosjektet - rapport fra demensprosjektet
- RS 146/10 VOX - rapport vår 2010
- RS 147/10 Referat møte 15. juni
- RS 148/10 Uttalelser til utkastet av utviklingsplanen - Kompetanse på vegen
- RS 149/10 oppseiing av prosjektstilling
- RS 150/10 Regional utviklingsplan innspel Evje utvikling
- RS 151/10 Prosjektsøknad - mållaga i Agder
- RS 152/10 Heimte-samling i Oslo - førespurnad om støtte
- RS 153/10 Felles risiko og sårbarhetsanalyse for Setesdalskommunene
- RS 154/10 Søknad frå Setesdal spelemannslag underskotsgaranti
- RS 155/10 Søknad om økonomisk støtte til ungdomsarrangementet Rock i Brokke 2010
- RS 156/10 Prosjektskildring - restaurering av skulehus på Helle
- RS 157/10 Underteikna avtale om reklameplass på kulturhuset i Arendal
- RS 158/10 Basiskompetanse i arbeidslivet annonse hausten 2010
- RS 159/10 Kunnskap om flyttemotiv fornya søknad LUK
- RS 160/10 Søknad om stønad til kjøp av mjølkekvoter for kyr 2010
- RS 161/10 Forprosjekt kakkelovner - u.off
- RS 162/10 Søknad om økonomisk støtte til konsert for markering av Arendal Big Band - 30 års jubileum
- RS 163/10 Forretningsplan *****
- RS 164/10 Søknad på stilling - demenskoordinator - u.off
- RS 165/10 Søknad på stilling som demenskoordinator i Setesdal - u.off

PS 59/10 Delegerte saker

DS 28/10 Tilsegn - løyving til kjøp av mjølkekvote

DS 29/10 Stadfesting av løyving - NM - Akro paragliding - Bygland 2010

DS 30/10 Svar på søknad om støtte til festival

DS 31/10 Svar på søknad om etablerartilskott - Valle naturkjøt

DS 32/10 Svar på søknad om løyving til kortfilm-produksjon

DS 33/10 Svar på søknad om støtte til Rock i Brokke 2010

DS 34/10 Svar på søknad om støtte til tilskipingar i samband med Haukeliseterfestivalen 2010

DS 35/10 Svar på søknad om etablerarstøtte - u.off

DS 36/10 Svar på søknad - Brokke - forprosjekt - u.off

PS 60/10 Drøfting/orienteringssaker

- **Dagleg leiar og styreleiar orienterer**
- **Drøfting Fylkesdelplan Setesdal Austhei-Vesthei-Ryfylkeheiene**

Saksmappenr: 2008/96-62
Arkiv: 130
Sakshandsamar: Signe Sollien Haugå

Saksframlegg

Setesdal Regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
61/10	Setesdal Regionråd - Styre	02.09.10

Godkjenning - Regional utviklingsplan Setesdal 2020

Tilråding:

1. Styret godkjenner revidert plandokument.
2. Styret godkjenner forslag til handlingsprogram for 2011.
3. Plandokumentet oversendes representantskapet i Setesdal Regionråd for endelig handsaming.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret i Setesdal Regionråd handsama utkast til utviklingsplan i mars 2010. Det ble då fatta vedtak om høyring av dokumentet. Dokumentet vart sendt ut til høyringspartane 17.04.2010 med høyringsfrist 1.7.2010.

2. Saksopplysningar

I samband med høyringa har dagleg leiar orientert kommunestyra i Bykle, Bygland og Evje og Hornnes.

Det har kome inn 8 høyringsuttaler. Innspela er vurdert i høve til moglege forbetringar av planen (sjå neste avsnitt). Endeleg planutkast er oppdatert der ein har funne dette føremålstenleg.

Endeleg plandokument skal formaliserast gjennom vedtak i representantskapet i Setesdal regionråd, i kommunestyra og i fylkestinget.

Basert på utviklingsplanen er det utarbeidd forslag til handlingsprogram for 2011. Programmet fastset konkrete aktivitetar og prosjekt som regionrådet vil gjennomføre kommande år. Det er sett av 1 mill kr til desse tiltaka i regionrådet sitt budsjett for 2011.

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Setesdal Regionråd, datert 19.04.2010

Høyringsuttaler

Regional utviklingsplan Setesdal 2011-2020, forslag til endeleg planutkast

Forslag til handlingsprogram for Setesdal Regionråd 2011

3. Vurdering

Nedanfor følger ei oppsummering av innkomne høyringsuttaler, og ein vurdering av/tilråding om korleis desse bør bli innarbeidd i revidert planutkast (vurderingar/tilråding framkommar i kursiv).

Valle kommune og Evje og Hornnes kommune:

- Kommunane har fatta likelydande vedtak der dei har gitt sin tilslutnad til forslag til prioriterte tiltak for 2011. Utover dette har dei ingen kommentarar til planen.
 - Prioriterte tiltak er innarbeidd i regionrådet sitt handlingsprogram og budsjett for 2011. Det er særskilt viktig at kommunane følgjer opp prioriteringane lokalt i sitt plan- og budsjettarbeid om ein skal lukkast med tiltaka i 2011.

Aust-Agder Fylkeskommune:

- Fylkeskommunen opplev at utviklingsplanen dannar eit godt grunnlag for å utvikle regionen.
- Ein ønskjer å samarbeide om følgjande prioriterte område: (1) gjennomføring av Regionplan Agder 2020, (2) Finansiering og utbygging av RV9, (3) næringsutvikling med særleg vekt på reiselivsutvikling, (4) Setesdal kulturen som grunnlag for verdiskaping samt (5) stedsutvikling, mobilisering og arealforvaltning.
 - Ein seiar seg samd i desse prioriterte samarbeidsområda. SR har vald RV9, reiseliv og arealforvaltning som prioriterte område i handlingsplanen for 2011.
- Det er viktig med langsiktige og forpliktande avtaler mellom kommunane for å sikre at ein handlar i tråd med planen over tid.
 - Samd. Det er viktig at kvar kommune følgjer opp dei prioriterte tiltaka i eige plan- og budsjettarbeid.
- Ein bør tydeliggjere koplinga til regionplan Agder 2020 og synleggjere der utviklingsplanen har felles strategiar med regionplanen.
 - Teke til følgje. Det er sett inn referanse til regionsplanen i tiltakstabellane i kapittel 6 i plandokumentet samt i handlingsprogrammet for 2011, men vil venteleg verte konkretisert då.
- Viktig at Setesdal tek i bruk det særeigne, så som å ta vare på kulturminne og då særleg eldre bygningsmasse.
 - Samsvarar og blir teke i vare i planen, ref. næringsutvikling, utnytte lokale føremonar, tiltak 5; Få i gang lønnsamme arbeidsplassar innanfor kulturbaserte næringer, til dømes bygningsvernseier. Dette tiltaket er ikkje prioritert i 2011. Jf vedtak i Regionrådet i samband med høyring av fylkeskommunen si strategisk kulturminneplan i 2010.
- Kompetanse er ein viktig føresetnad for å lykkast, og ein må samarbeide om å bygge sterkare fagmiljø.
 - Samsvarar med planen og framtidig arbeidsform, ref. interkommunalt samarbeid, samordna tenesteproduksjon samt lærelyst og kompetanse. Jf vedtak om etablering av ny kompetansenode og midlar til dette i 2011.

Fylkesmannen i Aust-Agder:

- Kompetanse og ressursutnytting er viktige føresetnar for å lykkes. Setesdal bør samle enkelte kommunale tenestar, for eksempel plan og næring.
 - Samd. Jf. interkommunalt samarbeid, samordna tenesteproduksjon. Helse, IKT og arealforvaltning vil bli prioritert nå.

Fylkesmannen i Rogaland

- Understrekar verdiane av villrein og samanhengande arealressursar, sikring av livsvilkår /areal.
 - Jf. kommentar til innspel frå Fylkesmannen i Aust-Agder. Samd i at arealforvaltning – og planlegging er viktig for kommunane framover. Jf. framlegg til handlingsprogram og prioritering av arbeid for felles plankompetansmiljø.

Setesdal næringshage:

- Støttar planen sine hovudmål. Påpekar at det er viktig med samspel mellom dei ulike måla.
- Planen bør være tydeligare med omsyn til strategiar for korleis regionen skal møte utfordringane.

- Strategiar og tiltak i planen tydeliggjer kva regionrådet skal prioritere framover. I samband med årleg handlingsplan vil ein konkretisere korleis ein skal gå fram for å sette i verk det einskilde tiltak.
- Fleire organisasjonar innan kultur og foreiningsliv burde vært involvert i prosessen.
 - Det har vært et medveten val å prioritere regionrådet sine primære samarbeidspartnarar for å ikkje få for store diskusjonsfora.
- Det er viktig med eit sterkt samarbeid mellom kommunane og andre organisasjonar i Setesdal for å lykkast, der ein jobbar målretta saman mot felles mål.
 - Samd. Samarbeid og samhandling mellom ulike aktørar er allereie framheve i alle deler av planen.
- Viktig å kommunisere regionen si attraktivitet blant anna ved bruk av sosiale medium.
 - Val av kanalar og verktøy vil vurderast når dette tiltaket settast i gang.
- Viktig å få til vekst i heile regionen. Næringshagen bidrar til dette gjennom å etablere 2 nodar i dalen.
 - Samd. Regionrådet vil medverke til dette blant anna gjennom å søkje ein balansert fordeling av prosjekt mellom kommunane/aktørane.
- Næringshagen kan bidra til å endre samansetninga av ulike næringar i dalen, og kan brukast til å sikre kompetanse på teknologi og digital infrastruktur.
 - Regionrådet ser det som positivt at næringshagen vil ta ansvar og har ressursar innanfor sitt område.

Otteraaens Brugseierforening:

- Det er mye høg teknisk kompetanse i dalen, men gjennomsnittsalderen er relativt høg. Viktig med ein langsiktig plan for rekruttering for å behalde og utvikle arbeidsplassar.
 - Samd. Jf attraktivitet, folketalsvekst og rekruttering samt interkommunalt samarbeid, lærelyst og kompetanse. I forbindelse med iverksetting av desse tiltaka vert det viktig å gjennomgå eksisterande arbeidsplassar og framtidig kompetansebehov for å sikre ein god plan for etterføljarar.
- Viktig at tiltak mot ungdom skjer i ung alder for å bevisstgjere med tanke på moglegheit for arbeid.
 - Samd. Jf tiltaka knytt til lærelyst og kompetanse. Det visast også til prosjektet "Kompetanse på veien".
- Kraftutbygging, spesielt småkraft, bør tydeliggjerast i planen med tanke på næringsutvikling.
 - Regionrådet har prioritert fornybar energi med fokus på bioenergi, ref tiltak 3 under lokale fortrinn.
 - Småkraft kan inngå i tiltak 4 under kunnskapsbasert vekst. Småkraftverk kan være ein aktuell tilleggsnæring i landbruket. Småkraftverk er ikkje valt som eit eige satsingsområde då det har vist seg ikkje å skape monaleg med arbeidsplassar utover anleggsperioden.
- Viktig med tiltak for å sikre busetting på gardsbruk.
 - Samd. Jf tiltak 7 under bulyst, samt tiltak 2 og 8 under bærekraftig arealforvaltning.

Evje Utvikling AS:

- Støttar mål, strategiar og tiltak i planen.
- Utviklingstrendar: det bør framhevast at det generelt er ein større medvetne i samfunnet om behovet for FOU.
 - Teke til følge. Det er teke inn ein setning om at FOU er viktig for å ta del i sysselsettingsveksten.
- Fundament for samarbeid: det bør leggjast meir vekt på å organisere arbeidet i prosjekt framover.
 - Samd. Dette er allereie omtalt under avsnittet om organisering.
- Fundament for samarbeid: viktig at det ikkje skjer motstridande vedtak i SR og kommunane.
 - Dette må ein søkje, men ein kan ikkje sikre seg mot det då kommunane har lokalt sjølvstyre.
- Fundament for samarbeid: viktig å løfte fram initiativ og talentar.
 - Regionrådet vil leggje til rette for dette, men kommunane si 1. linje må ta et særleg ansvar.
- Målbilete: entreprenørskap bør tydeliggjerast – ein stad det er godt å skape.
 - Ei god formulering som er teke inn i målbilete.
- Målbilete attraktiv region: planen framhevar fornybar energi, dette bør både omfatte vind- og vasskraft.

- Målbilete omtalar fornybar energi generelt, og visar ikkje til ein bestemt energikjelde. Vindkraft er ikkje eit definert satsingsområde i regionen .Jf punktet om småkraft ovanfor.
- Målbilete næringsutvikling: FOU bør løftast fram.
 - FOU er definert som strategi og tiltak, men ikkje som eit mål i seg sjølve.
- Målbilde interkommunale tenestar: bør løfte fram multimedia.
 - Er ikkje som eit mål i seg sjølve, men eit virkemiddel.
- Planen bør løfte fram at vekst i regionen både kan skapast med bulyst og arbeidsplassar som basis.
 - Teke til følgje. Teke inn i innleiinga i avsnitt 6.1.
- Bulyst: Viktig å gjere det mogelig finne attraktive og nyskapande butypar.
 - Bør følgjast opp lokalt i den kommunale planlegginga.
- Infrastruktur: bør løfte fram multimedia under bruk av teknologi.
 - Multimedia inngår i IKT.
- Næringsutvikling: viktig at næringsapparatet er prega av openheit, der dei inviterar og tilrettelegg for nye verksemder.
 - Ansast ivareteke gjennom tiltaka under koordinert og profesjonelt næringsapparat.
- Næringsutvikling, organisering: Evje Utvikling må få vekse og ta i bruk sitt potensial både i og utanfor kommunen. Bør ikkje likestille alle 1. linene. Bruke Evje utvikling som ressurs i heile regionen.
 - Ansast ivareteke gjennom tiltak 1 under koordinert og profesjonelt næringsapparat, der ein vil klargjere rollar og ressursar. Samhandlinga mellom aktørane i næringsapparatet bør bli dynamisk ut frå kompetanse, kapasitet og tenestebehov.
- Næringsutvikling, organisering: unngå å løfte tildelingar politisk.
 - Rollar og arbeidsdeling mellom administrativt og politisk nivå innanfor næringsutvikling er skildra under avsnittet om organisering.
- Evje utvikling ønskjer å bidra på attraktivitet (folketalsvekst og rekruttering) og næringsutvikling (listar opp 14 tiltak).
 - Med tanke på prioriterte tiltak for 2011, vil det være moglegheit for å gi t.d. Evje Utvikling ei rolle i satsinga på helse- og aktivitetsturisme.

Kompetanse på veien:

- Pekar på 7 tiltak i utviklingsplanen innanfor strategien Lærelyst og kompetanse som dei ønskjer å samarbeide om.
 - Ingen av dei nemnte tiltaka er prioritert i 2011. Regionrådet vil kome attende til eit mogleg samarbeid når dei aktuelle tiltaka ev. prioriterast på eit seinare tidspunkt.
 - Med tanke på prioriterte tiltak 2011 kan det være aktuelt at "Kompetanse på veien" bidreg på tiltaket retta mot å sikre utdanningstilbod og rekruttering innan helserelaterte yrke (tiltak 3 under trygt, kompetent og nært helsetilbod).

Valle, den 24.08.2010

Signe Sollien Haugå
dagleg leiar

Saksmappenr: 2010/373-2
Arkiv: 130
Sakshandsamar: Signe Sollien Haugå

Saksframlegg

Setesdal Regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
62/10	Setesdal Regionråd - Styre	02.09.2010

Høyringsuttale - Regionalplan Kristiansandsregionen 2010-2050 - Setesdal regionråd

Tilråding:

Kristiansandsregionen si utvikling har stor tyding for Setesdal. Tilgjenge til byen og knutepunktkommunane med handel, kulturopplevingar, tenesteyting, utdanning, arbeid mv. – har tyding for trivsel og at ein opplev å bu i ein attraktiv og heilskapleg landsdel/ region. Styret ser at planen et gir føreseieleg utvikling av infrastruktur og arealbruk – og i høve vår region.

Setesdal regionråd er og oppteke av Riksveg 9 som viktig samferdsleåre mellom Sørlandet og fjordane i vest – frå kontinentet via Kristiansand hamn med tilkopling på E 134 ved Haukeli og vidare via Voss til Bergen (rv 13) ut frå reiselivsperspektivet – som og er ein fellesnemnar for baa regionane.

Kristiansandsregionen kan medverke til sterkare interaksjon og dynamisk utvikling innan landsdelen ved å medverke til fokus på rv 9. Gjennom opprusting av hovudvegen nord-sør vil ein legge til rette for folkehelse med trafikkssikker mobilitet og lettare tilgjenge til ferie- fritids- og rekreasjonsområda i indre bygder. Attraktiviteten blir gjensidig styrkt med å kunne tilby tilgjenge til ein "heilskapleg" landsdel med arbeid- bu- og fritidskvalitetar med alt frå byane, kyst og sjø til distrikta med fjell og vinter.

Oppsummering:

1. Med utgangspunkt i saksutgreiinga og målsettingane i Regionplan Agder 2020 oppmoder ein til at prioriterte strukturar av tyding for transport og samferdsle til og frå Kristiansandsregionen og landsdelen samla kjem tydlegare fram i den endelege planen.
2. Dei omforeina prioriteringar gjennom stamvegaksjonen i samband med Nasjonal Transportplan om samarbeid for utvikling av intermodalt knutepunkt (hamn, jernbane, fly, veg) og prioriterte vegprosjekt, E 18 – E 39- og Rv 9 bør løftast fram i dokumentet.
3. Riksveg 9 er og den prioriterte åra for kollektivtransport /-samferdsle innover i landet. Ekspressbussrutenettet frå Sørlandet korresponderar over fylkesgrensene og mellom landsdelane med knutepunkt Haukeli. Det bør høyre med i tekst om kollektivtransport og miljø.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvala i baa Agderfylka har lagt ut regionalplanen til høyring. Høyringsfristen er sett til 1. oktober 2010 i medhald av ny plan- og bygningslov. Planen er forma som ein felles overordna arealplan for kommunane i Kristiansandsregionen. Planen vil vere retningsgivande for kommunane sin planlegging. Samordning av areal og transportplanlegging står sentralt i arbeidet.

2. Saksopplysningar

Areal- og transportutvalet (ATP-utvalet) har vore styringsgruppe med representantar frå fylkeskommunane, kommunane. Det har vore ei administrativ prosjektgruppe som har utført saker og fremma saker for utvalet. I tillegg til kommunane har fylkeskommunane, fylkesmenn, vegvesen og jernbaneverket vore representert i arbeidet.